



Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Dato: 04.12.2014
Vår ref.: 2014/19314-2
Saksbehandlar: tortitt
Dykkar ref.47392/2014/26

Etterlysning av utbetaling til Møre og Romstad fylkeskommune i samband med deltaking i EU prosjektet Coast Alive 2009 -2012. Tilsvar frå Hordaland fylkeskommune

Vi viser til brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune dagsett 07.07.2014 og til brev dagsett 15.10.2014.

Vi bed om orsaking for den lange tida som har gått før vi har gjeve Dykk svar.

Vi vil i det følgjande gå inn på kvart punkt De ønskjer å få belyst, og elles gje ein grundig dokumentasjon på dei prosessane som har gått føre seg:

1. Informasjonsflyt

Det vert hevda i brevet frå Dykk at «Møre og Romsdal ved kulturavdelinga har gjennom epost og telefon etterspurd sluttoppgjer for prosjektet mange gonger, men utan resultat.» Vi har gått i gjennom e-postar frå Møre og Romsdal med svar frå prosjektleiar Magne Haugseng i tidsrommet 2013 og 2014. I denne informasjonen er det gjeve tilsvar med atterhald for kvifor ting tek lengre tid enn føreset, noko som skuldast tilhøve i Interreg IV B sekretariatet, og ikkje hos oss.

I kommunikasjonen frå Møre og Romsdal, er det ikkje heilt klart om det er interimsubbetalningar eller sluttoppgjer det vert spurd om. Spørsmålet om sluttoppgjer, kjem vi tilbake til nedanfor.

2. Utbetalningar til Møre og Romsdal

Det har vore i alt 7 rapporteringsrundar i prosjektet med tilhørande «Claims» frå partnerane. Møre og Romsdal har sendt inn «claims» for rundane 1,2,3,5,6 og 7 der 7 er prosjektavslutning.

Interreg sekretariatet i Viborg har slutthandsama claim 1-6.

De hevdar at de har motteke « berre kr 184.034,84». Dette går fram av rekneskapen vår, og er utbetalningar for Claim 1-3 i prosjektet. I tillegg har Møre og Romsdal krav på € 16.905 for Claim 5 og € 1.488 for Claim 6, til saman € 18.393, som vi legg ved dokumentasjon på.

Ved ein inkurie har ikkje dei € 18.393 vore utbetalt til Møre og Romsdal tidlegare. Pengane er no etterbetalt.

3. Sluttoppgjer og rekneskap

Møre og Romsdal bed om:

- «- *Oversikt over det totale rekneskapet.*
- *Oversikt over utbetalningar til dei forskjellige partnerane.*
- *Tidfeste når vi får sluttutbetaling.* «

4. Oversikt over det totale rekneskapet

Payment to each partner Claim 1 to 6:	EURO
01 Hordaland*)	84 749
02 N.Jutland	99 058
03 Halland	52 058
04 Rogaland	39 300
05 S&Fj	18 557
06 Norfolk	93 351
07 S.D.Turisme	14 487
08 M&R**)	43 817
09 Kragerø	54 236
10 Sjælland	25 047
11 Vest-Agder	53 050
12 N.Y.M.N.P	66 579
13 Frysland	55 343
14 Zeeland	49 212
SUM	748 841

*)Gjeld Hordaland som prosjektpartner

**)I dette ligg € 39.481 inne som utbetalningar på Claim 1-6. € 18.393 vert etterbetalt.

Sluttrekneskapet – Claim 7 – vart ferdigstilt og sendt til sekretariatet i Viborg i august 2013, og går fram av vedlagde appendix 8, 8a og 9. Rekneskapen viser ein total på € 4.011.084.

Vi finn grunn til å understreke at dette i denne samanhengen, berre er å sjå på som ein søknad om utbetaling. Det er opp til EU å avgjere om og kor mykje som vert utbetalt og korleis EU- midlane skal verte fordelte mellom partnerane.

5. Oversikt over utbetalningar til dei forskjellige partnerane

All utbetaling av EU-midlar til partnerane, skjer på grunnlag av at pengar vert overførte i følge med betalingsinstruksjonar frå Viborg («Payment Letters»), sjå vedlegg. Det siste vi har motteke er dagsett 15.02.2013. Hordaland har med det motteke og utbetalt alle de tilskottsmidlar partnerane har krav på, for Claim 1 -6. Etter dette har vi ikkje motteke midlar til utbetaling. Ifølge EU sine tal, er det overført i alt € 748.940 til oss som Lead Beneficiary for prosjektet, eller om lag halvparten av det beløpet som det vart gjeve tilsegn om i den opphavlege søknaden til EU.

6. Tidfeste når vi får sluttutbetaling

Hordaland fylkeskommune har, etter sluttrapporteringa, vore i fortløpande dialog med sekretariatet i Viborg om når vi kan vente sluttutbetaling. Det er 3 tilhøve som har forseinka prosessen i Viborg vesentleg, suspensjonen av utbetalningar til britiske partnerar, effektueringa av naudsynte budsjettendringar i rekneskapen, og problem med EU sine elektroniske rapporteringssystem.

6a. *Suspensjon av utbetalinga til britiske partnerar*

Coast Alive har hatt 2 britiske hovudpartnerar og ein sub-partnar. Etter at ein rutinekontroll på britisk side i 2011 avslørte regelbrot, vedtok EU å suspendere alle Interreg IV utbetalingar til britiske partnerar. Midlane britane skulle ha hatt, vart halde tilbake frå Interreg IV B sekretariatet av EU – kommisjonen. Først i epost dagsett 21. januar 2014, fekk vi melding om at dei suspenderte midlane hadde verte overførte til sekretariatet slik at prosessane der kunne gå vidare (sjå vedlegg).

6.b Budsjettendringar og tekniske problem med elektronisk rapportering

Prosjektleiinga sendte 25.06.2012 inn til sekretariatet ei samla oppstilling og formell søknad på ei rekkje endringar av budsjettet. Vidare vart det arbeidd med sekretariatet med å få til naudsynte justeringar av budsjetta i løpet av mars 2013. Dette vart gjort for at ikkje nokre av partnerane skulle kome urimelig ut og verte gjenstand for avkortingar av utbetalingar av EU tilskott.

Etter mange purringar på epostar og telefon, vil vi vise til epost dagsett 04.12.2013, der problema (budsjett, suspenderte midlar) nok ei gong vart adresserte. Skriftleg svar fekk vi først 13.juni 2014, sjå vedlegg. Problem med dei elektroniske rapporteringssystema førte til at ikkje var samsvar mellom dei skriftlege rapportane og det systema viste som status. Sekretariatet i Viborg har difor måtte leggje inn tala på nytt. 09.07.2014 fekk vi melding om at dette vart gjort, og vart beden om å signere og få revisorgodkjend nokre av vedlegga på nytt (sjå vedlegg). Dette er gjort, og ny dokumentasjon er sendt inn. I rapporteringsskjema er det ikkje oss, men EU som legg inn budsjett-tala.

6c. Tidfesting av sluttoppgjer – konklusjon

Hordaland fylkeskommune har lang røynsle med EU-prosjekt, både som leiar for prosjekt og som partner. At prosessane i EU ofte tek tid, er ikkje noko nytt. Sluttoppgjer tek lengst tid, men vi har alltid fått det vi har krav på frå EU. Vi har ikkje noko grunnlag for å tru at Coast Alive skulle vere noko unnatak på det. Vi vil vidare minne Møre og Romsdal på at EU ved sluttoppgjera alltid held tilbake 20% av tilskota for å gje tid for å kunne foreta inspeksjonar av prosjekta sin økonomi og rapportering. Først når desse inspeksjonane er gjennomførde, vert dei resterande 20% av tilskottet utbetalt. Det kan ofte ta mellom 2 og 3 år. I Coast Alive har Hordaland fylkeskommune vore Lead Beneficiary for eit 4-årig prosjekt med 14 partnerar og eit totalbudsjett på over 30 mill. kroner. Vi har påteke oss eit betydeleg ansvar, både økonomisk og administrativt, for å syte for at styringa av eit ambisiøst og komplekst prosjekt, har skjedd korrekt og rettferdig for partnerane. Vi har halde partnerane løypande informert og har vore tydeleg på dei krav EU set til oss for å kunne leie og gjennomføre eit Interreg prosjekt. På vegne av partnerskapet, har Hordaland gjort vår del av jobben for at handsaminga av sluttoppgjøret i EU-systema kan verte gjennomført. Slik situasjonen no er, er det grunn til å tru at sluttoppgjøret kan kome inn før 31.12.2014. Uansett, er dette tilhøve som ligg utanfor oss, og som vi ikkje kan sjå at vi kan lastast for. Vi finn difor kritikken frå Møre og Romsdal å vere urimelig.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

